

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

HØRYINGSSVAR FRÅ PELAGISK FORENING ENDRINGAR I ERS-FORSKRIFTA

Pelagisk Forening viser til e-post av 25.3.2025.

1. Krav om å gje kontaktinformasjon

Pelagisk Forening ser at FMC, og andre hjå Fiskeridirektoratet, har behov enkelt å kunne kontakta norske fiskefartøy. Dvs. at kontaktinfo bør vera oppdatert til ein kvar tid. Pelagisk Forening støtter at ERS-leverandørane lagar ei løysing der skipper og/eller reiarlag enkelt kan oppdatera/endra båten sin kontaktinfo (telefon og e-post) i fangstdagboka, og at det blir pålagt å ha rett kontaktinfo i fangstdagboka.

1.3 Personopplysningar/GDPR

Pelagisk Forening støttar at personvernomsyn blir ivaretatt, og at berre personar med tenestebehov får tilgang til opplysningane.

2. ONF-løysning (avslåttskjema i ERS)

Pelagisk Forening støttar at søknad om å slå av utstyret for posisjonsrapportering kan gjerast elektronisk, via ERS, i staden for å måtte logga seg på direktoratet si heimesida, og fylla ut eit skjema.

Pelagisk Forening meiner det er positivt at det blir valt løysingar som ikkje krev nytt utstyr.

6. Språklege endringar

Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til forslaga om språklege endringar.

Bergen: 6.5.25

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar